

Kraftskulen > Bioenergi

Bioenergi er energien som vert frigjord når vi forbrenner materiale frå planter eller dyr. Truleg er bioenergi den mest brukte energiforma på jorda. I mange tusen år har vi menneske laga mat og varma oss ved bålet, og den dag i dag har om lag halvparten av befolkninga på jorda biomasse som den viktigaste kjelda til oppvarming og matlaging. Trebrikettar, torv, søppel og hushaldsavfall kan utnyttast i langt større grad enn i dag, til dømes i fjernvarmeanlegg. Energien som vert skapt i slike fjernvarmeanlegg, kan brukast til oppvarming av bustader eller som drivstoff i bussar og bilar.

Oppgåver før du ser filmen

Kva tenkjer du på når du høyrer ordet bioenergi? Skriv ei kort forklaring på ordet.

Oppgåver til filmen

1. Nemn ulike former for biomasse som du kjenner til.
2. Kan bioenergi sjåast på som ei fornybar energikjelde? Grunnlegg svaret.
3. Korleis kan ein hente energi frå søppel og kloakkslam?
4. Korleis fungerer eit fjernvarmeanlegg?
5. Kvifor bør ein føretrekkje metangass som drivstoff i staden for fossil energi?
6. Forklar korleis biomasse kan brukast som drivstoff i køyretøy.
7. Kva er fordelene med biodiesel framfor vanleg diesel?

Fordjupingsoppgåver

1. Korleis verkar eit fjernvarmeanlegg? Vis eventuelt med ei skisse eller ein illustrasjon.
2. Kva slags biomasse kan brukast i eit fjernvarmeanlegg?
3. Kvar er det gunstig å plassere fjernvarmeanlegg?
4. Kva slags bioenergikjelder vert brukte i Afrika, Asia og Latin-Amerika?
5. Kva fordelar er det for fattige land å bruke biomasse som energikjelde?

6. Drøft på kva måte produksjon av biomasse til bruk som drivstoff også kan ha negative konsekvensar.